



MØTEPROTOKOLL

Kontrollutvalet

Dato: 23.4.13 **Kl.:** 10.00 – 11.00 **Stad:** Kommunestyresalen, Bømlo rådhus
Saknr.: 10/13 – 16/13

MØTELEIAR

Sonja Hellen Sele (H)

DESSE MØTTE

Svanhild Vespestad (Ap).
Terje Olav Nesse (V)
John-Kåre Torkelsen (Krf)
Mariann Risøy Barane (Ap)

FORFALL

Kåre Habbestad (SP) hadde forfall til møtet. Mariann Risøy Barane (Ap) møtte i staden.
Georg Lønning (H) hadde forfall til møtet. Ikkje lykkast i å få vara.

DESSUTAN MØTTE

Ordfører Odd Harald Hovland var med i sak 12/13.
Rådmann Sverre Olav Svarstad var med i sak 12/13.
Else Holst Larsen v/ Deloitte AS var med i heile møtet.
Hordaland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutvalet v/ Elin Molven.

Sakliste:

Saknr.	Sak	Merknad
10/13	Godkjenning av innkalling og sakliste	
11/13	Godkjenning av protokoll frå møte 19.2.13	Vedlegg
12/13	Rådmannen orienterer	
13/13	Orientering	
14/13	Meldingar	Vedlegg
15/13	Kontrollrapport 2012 vedrørende skatteoppkrevjarfunksjonen i Bømlo kommune – Uttale frå kontrollutvalet	Vedlegg
16/13	Gjennomgang av møteprotokollar	Alle møteprotokollane kan lastas ned og lesast på Bømlo kommune si heimeside
	Eventuelt	

10/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ingen redaksjonelle merknader til innkalling og sakliste.

VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend, med dei redigeringane som kom fram i møtet.

11/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 19.2.12.

VEDTAK

Protokollen frå møte 19.2.13 vart samrøystes godkjend.

12/13 RÅDMANNEN ORIENTERER

FORSLAG TIL VEDTAK

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

HANDSAMING I MØTET

Selskapskontroll av Sentralidrettsanlegget AS:

Ordførar Odd Harald Hovland orienterte etter selskapskontroll i Sentralidrettsanlegget og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Rådmann Sverre Olav Svarstad var også med under orienteringa.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

- Orienteringa vart teken til orientering.
- Kontrollutvalet ynskjer ny orientering etter sumarferien 2013.

13/13 ORIENTERINGSSAKER

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Status iPad bruk
2	Sekretariatet	Vidare opplæring av kontrollutvalet
3	Sekretariatet	FKT konferansen 5. – 6. juni 2013
	Eventuelt	

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering angående:
1	Sekretariatet	Status iPad bruk <ul style="list-style-type: none">• Kurs i iPad vart utsett til neste møte, då to av dei faste i utvalet hadde forfall til dette møtet.

2	Sekretariatet	Vidare opplæring av kontrollutvalet <ul style="list-style-type: none"> • Sekretariatet informerte om at det er planlagt opplæring for kontrollutvala og at denne opplæringa truleg vert i januar 2014. • Utvalsmedlemmene var svært positive til meir opplæring. • Kontrollutvalsmedlemmene vart oppmoda om å koma med forslag til opplæringstema, til neste møte.
3	Sekretariatet	FKT konferansen 5. – 6. juni 2013 <ul style="list-style-type: none"> • Sekretariatet informerte om konferansen og delte ut programmet for konferansen. • Det vart også opplyst at det framleis er ledige plassar og at det er mogleg å få melda seg på. • Det var stor interesse for konferansen, men dei fleste av medlemmene hadde andre oppgåver i dette tidsrommet, som gjorde det problematisk/umogleg å delta.
	Eventuelt	Det kom ikkje noko fram under eventuelt.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

14/13 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Deloitte AS	Forvaltningsrevisjon av Barne og familietenesta i Bømlo kommune – Prosjektplan/engagement letter
2	Kommunestyret	Rapport – Status for arbeidet med samhandlingsreformen i Bømlo kommune
3	Kommunestyret	Sjukefråværet 2012
4	Utval for helse og omsorg	Medarbeidarundersøking og sjukefråveret.
	Eventuelt	

FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Deloitte AS	Forvaltningsrevisjon av Barne og familietenesta i Bømlo kommune – Prosjektplan/engagement letter. <ul style="list-style-type: none"> • Utvalsleiar bad om å få vurdert sin gildskap og bad om å få tre av i høve handsaming av saka. Kontrollutvalet var samrøystes i at utvalsleiar var ugild i høve saka. Utvalsleiar deltok såleis ikkje i den vidare handsaminga av saka. • Nestleiar i kontrollutvalet hadde forfall til møtet. • Utvalsmedlem John-Kåre Torkelsen vart valt som setteleiar i høve handsaming av sak 14/13 melding nr. 1. • Else Holst Larsen v/ Deloitte AS orienterte om at forvaltningsrevisjonsprosjektet går etter planen, dokument er mottekne og intervju er avtalt. • Utvalet får moglegheit til å koma med eventuelle justeringar i høve prosjektet, i mai møtet.
2	Kommunestyret	Rapport – Status for arbeidet med samhandlingsreformen i Bømlo kommune <ul style="list-style-type: none"> • Kontrollutvalet diskuterte saka og ynskjer å fylgja med framover

		for å sjå på utviklinga i høve framleis innføring og gjennomføring av samhandlingsreforma.
3	Kommunestyret	Sjukefråværet 2012. <ul style="list-style-type: none"> Kontrollutvalet merka seg at sjukefråværet har hatt ei positiv utvikling dei siste åra og at kommunen jobbar målretta mot ei ytterlegare reduksjon i sjukefråværet.
	Eventuelt	Det kom ikkje noko fram under eventuelt.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

15/13 KONTROLLRAPPORT 2012 VEDKOMMANDE SKATTEOPPKREVAR-FUNKSJONEN I BØMLO KOMMUNE

FORSLAG TIL VEDTAK

- Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Bømlo kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført i samsvar med gjeldande regelverk.
- Bømlo kommune sin skatterekneskap og kontrollrapport frå Skatteetaten vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet konstaterte at skatteoppkrevjarkontoret har nådd 5 % grensa i høve å gjennomføra arbeidsgjevarkontrollar.

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

- Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Bømlo kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført i samsvar med gjeldande regelverk.
- Bømlo kommune sin skatterekneskap og kontrollrapport frå Skatteetaten vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

16/13 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Vedtaket var samrøystes.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

EVENTUELT

Årsmelding og årsrekneskap for Bømlo kommune vart delt ut i møtet. Resten av utvalsmedlemmene og vara må få tilsendt dokumenta.

Sonja Hellen Sele
leiar

Elin Molven
sekretær